



Vestland
fylkeskommune



Besøksforvaltning i Vestland?

8. Januar 2026

- Reiselivet er ei viktig næring

- Lokale arbeidsplassar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Bu- og blilyst
- Stolthet og identitet
- Attraksjonsverdi


- Vi forvaltar

- Fjordlandskapet
- Nasjonalparkane
- Verneområde og sårbare arter
- UNESCO verdsarv og geoparkar
- Stor kulturarv

BALANSE mellom vern og utvikling
Forvalte omdømme og sikre kvalitet



Foto: Britt Dalland



Reiselivet skjer i stor grad i våre **fellesområde** og kan vere til både glede og til frustrasjon for innbyggjarane.

Sosiale medium gjer at turisten, andre besøkande og influensar set agendaen – og skaper nye trendar og nye reisemål.

Når talet på turistar aukar blir små problem store!

Reiselivets «skjulte» kostnader

- Auka belasting på lokal infrastruktur
- Vern og ivaretaking av sårbare områder
- Auka bustadprisar og bustadmangel
- Konflikter med grunneigarar og lokale
- Lågare trivsel og mindre dugnadsvilje
- Økonomisk lekkasje og overforbruk av ressursar
- Fritidsbustader; arealnedbygging og kostnader for vertskommunane

Auka vekst er venta å forsterke dagens utfordringar



Dawit Habtemariam • 2nd
Tourism Reporter at Skift
1d • Edited •

+ Follow ...

Airbnb CEO Brian Chesky at [Skift](#) Global Forum "We didn't foresee the consequences for affordable housing and overtourism."



6

Tverrfagleg samarbeid gir god besøksforvaltning

Reiselivsnæringa er fragmentert

- Fleire næringar
- Opplevingar på tvers av tilbydarar og kommunegrenser
- Lite fokus på innbyggjarar og lokalsamfunn


Reiselivet treff tverrfagleg i forvaltninga

- Forvaltninga har «tette skott» mellom fagområder
- Reiselivet treff bredt på departementsnivå
- Lite fokus på besøkande

Behov for tverrfagleg samarbeid

- I fylket
- I kommunane
- Mellom offentleg og privat

Besøksforvaltning i Vestland – ei lang reise



Kva er besøksforvaltning?

Natur, kultur og lokalsamfunn

Besøksforvaltning betyr at ein sikrar ei berekraftig utvikling som er innanfor grensene til det natur, landskap, miljø, lokalsamfunn **og lokal kultur** toler.

Målet er størst mogleg lokal verdiskaping gjennom lokalt næringsliv.

Besøksforvaltning skal sikre at opplevinga er god for både dei **besøkjande** og dei **fastbuande**.

Kilde: Nordland fylkeskommune

Bilder: Britt Dalland, Marta Rongved

Natur, miljø og landskap



Lokalsamfunn, lokal kultur og stadsidentitet

Reiselivsnæringa og lokal verdiskaping

5 grunnleggjande spørsmål

1. Kvifor vil vi ha besøkande?
2. Kva har vi å by på?(Kva vil vi halde for oss sjølv?)
3. Kor og når vil vi ha dei ?
4. Kven vil vi invitere heim til oss?
5. Korleis får vi tak i dei?



Reiselivet blir best når innbyggjarane er med på laget

- God besøksforvaltning skal bidra til lokalsamfunnsutvikling og innbyggjarinvolvering
- Bruk gjerne **eksisterande prosessar** i kommunen for innbyggjarinvolvering
- Skap gode møteplassar for dialog



Kommunane er sentrale aktørar i prosjektet



NOU 2023:10 Leve og oppleve

- Peikar på kommunen sin rolle innan samfunnsutvikling, reisemålsutvikling og besøksforvaltning.
- Kommunen har ei sentral rolle som planmynde og ansvarleg for kommunen sine fellesområde og innbyggjarane i kommunen.
- **23 kommunar** er med i prosjektet
- **7 destinasjonsselskap**

Tema vi jobbar med i prosjektet

Lokalsamfunns utvikling

Å jobbe med reiselivsutvikling og lokalsamfunns-utvikling basert på metodar som sikrar god besøksforvaltning og ei berekraftig utvikling.

Planarbeidet i kommunane

Besøksforvaltning må bli inkludert i kommunens planar. Kommuneplanen – både samfunns- og areal delen kan vere viktig
Ein naturleg del av kommunens oppgåver.

Fellesgoder og trafikkstyring

Korleis løyse problem med:
Toalett, trengsel, slitasje i naturen, skilting, parkering, camping og villcamping, ansvarleg marknadsføring

Kunnskapsgrunnlag Toleevneanalyser

Utvikle ein standard for kunnskaps-grunnlag som lettar innkjøp og sikrar bruk av kunnskapsgrunnlaget i det lokale arbeidet med besøksforvaltning.

Cruise

Jobbe saman for å dele erfaringar og for å samle seg om felles måtar å møte både moglegheiter og utfordringar vi ser i forbindelse med cruise.


Kunnskapsdeling

Kompetanseheving

Test av metodar

Målet er å jobbe smartare!


Korleis skal vi løyse utfordringane?



Kommunikasjon, informasjon og samarbeid

- Kva er handlingsrommet vårt for regulering og handheving?
 - Finne handlingsrom og metodar – teste det ut
 - Finansiering av fellesgoder – besøksbidrag?
- **Infrastruktur og tilrettelegging**
 - Har vi infrastruktur for det volumet vi har og forventar?
 - Samarbeid om løysingar ?
 - Regulering av volum ?
 - Skilting, merking tilrettelegging
 - Gode flaskehalser er nyttig!
- **Klima, natur og utslepp**
 - Lokale tiltak?
 - Kvar kjem gjesten frå – transport?

Korleis skal vi løyse utfordringane?



- Ansvarleg marknadsføring- og kommunikasjon
 - Manglande kunnskap om allemannsrett & **ALLEMANNSPLIKTER**
 - «Korleis vil vi ha det her»
 - Kva vil vi dele – kva vil vi halde for oss sjølv?
 - Kva gjestar ønskjer vi?
 - Korleis når vi dei gjestane vi «ikkje har invitert»?

Toleevneanalyser

- Å gjennomføre ei toleevneanalyse gir **innsikt og kunnskap**
- I arbeidet med analysen må ein **våge å stille dei vanskelege spørsmåla** og ta viktige diskusjonar på reisemålet.
- Det kan vere ein fordel **å få eit blikk utanfrå** for å belyse utfordringar og moglegheiter som ein lokalt gjerne ikkje sjølv ser eller har blitt vande med.
- Kontinuerlig oppdatering og **tydelege handlingsplanar** vil gjere det til eit viktig verktøy for god besøksforvaltning

Reisemålsleiinga

Samarbeidet mellom dei aktørane som saman koordinerer utviklinga av eit berekraftig reiseliv på reisemålet.

Kommunen har ei sentral rolle, men skal ikkje bere ansvaret aleine

Brei involvering er naudsynt

Lokal tilpasning


Reisemål med fleire kommunar bør ha ei **regional reisemålsleiing**



Ei heilskapleg tilnærming til besøksforvaltning

- Besøksforvaltning inn i **planarbeid og offentleg forvaltning**
- **Engasjerte** lokale politikere
- **Involvering** av lokalbefolkninga
- Reiselivsnæringa må drive **ansvarleg** produktutvikling og marknadsføring

Reisemålsleiinga må sjå næringsutvikling, besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i samanheng.





Vestland
fylkeskommune

Workshop

Kva er god besøksforvaltning

Tema for workshop

Korleis utvikle dialog og samarbeid mellom verneområdeforvaltninga og reiselivet.

Korleis skal vi marknadsføre og kommunisere området på ein ansvarleg måte?

Kva ønsker reiselivet av besøksforvaltningstiltak?

Om workshopen

- 4 (eller 5) spørsmål
 - Styr tida slik at de har ca 15 min på kvart spørsmål?
- Notere ned eigne tankar på ein lapp, ta så ein runde og del med dei andre. Diskuter i fellesskap
- Gruppeleiar – følger med på tida, skriv notater for gruppa
- La alle få snakke og bidra!
- Alle tankar er gode tankar – men viktig at de held dykk til tema!

Spørsmål 1

Vi ønsker å dele, utan at vi øydelegg verdiane vi forvaltar og har ansvaret for.

- Korleis vi skal få vise fram, dele og la fleire oppleve dette vakre landskapet, utan at det går på kostnad av naturen, landbruket og innbyggjarane våre?
- Korleis sikrar vi bruk og ikkje forbruk av verdsarvområdet?

Spørsmål 2

- Er det fullt på fjorden? Har vi plass til fleire kajakkar, som både er på fjorden og som ønsker å campe/overnatte i innmarka langs fjorden?
- Har vi nådd ei grense – og korleis klarer vi å avgrense denne bruken av fjorden og områda ved fjorden?
- Diskuter gjerne tiltaka som SPOR har gitt i notatet «Nærøyfjorden som opplevingsarena i naturbasert reiseliv» og legg gjerne til tiltak de ønskjer.

Spørsmål 2 forts. Diskuter «tilrådingar og tiltak»

- Betre informasjon og vertskap: Meir tydeleg kommunikasjon om ferdselsregler og lokal praksis
- Faste møteplassar: Årlege møte mellom grunneigarar, forvalting og reiseliv
- Grunneigaravtaler: Fleire formelle avtalar for bruk av landingsplassar og leirplassar
- Finansiering: Langsiktig støtte til miljøpatrulje og vertskapsroller. Vurdere besøksbidrag og cruiseavgift
- Kanalisere ferdsel til egna område og vurdere ytterlegare fartbegrensing på fjorden

Spørsmål 3

Landbruket bidreg til å sikre kulturlandskapet, som er ein viktig del av attraksjonskrafta langs fjorden. Samtidig gjer press frå reiselivet det vanskelegare å vere bonde i verdsarvsområdet.

- Korleis skal vi sikre at eit levande landbruk fortsett er ein viktig del av verdsarvområdet?
- Korleis kan vi sikre at reiselivet ikkje går på kostnad av landbruket?

Spørsmål 4

«Ansvarleg reisande» veit korleis de skal «oppføre seg» og tar omsyn til både natur, kultur og lokalsamfunnet.

- Korleis kan dei besøkande vere betre forberedt og har fått god informasjon før dei kjem på besøk til oss?
- Kva er god nok informasjon - kven skal lage informasjonen - og korleis skal vi få den ut i til turistane, før og under reisa?
- Har vi den gjesten vi ønsker oss?
- Kan vi betre styre ferdsel og trafikk gjennom kommunikasjon?

Spørsmål 5 – bonus spørsmål

- Sosialt ansvar kan bli "et salsargument for bedriftene« for å nå dei «bevisste reisande»? Korleis kan bedriftene som er aktiv i området bidra til lokalsamfunnet og verneområdet?
- Kan erfaringane frå pilotprosjektet med miljøpatruljen vere noko vi kan ta vidare til andre tiltak?
- Kan dei besøkande bidra til god forvaltning – «rydd ei strand» - «rydd ein sti»?
- Kan vi få til meir privat - offentlege samarbeid for å finansiere fellesgoder?

Kva har vi diskutert og kva har vi
komme fra til av forslag til
tiltak/løysingar

Kvar gruppe deler 5 min – velg gjerne eitt av
spørsmåla de har diskutert